



Eilev Erikstein Mobil 91113580/ e-post :eilever@online.no/ heimeside: www.prostidiakon.no

ÅRSRAPPORT FOR PROSTIDIAKONEN I VEST-TELEMARK FOR 2008

Innhald:

1. Oppsummering og utfordringar
2. Arbeidsområde
3. Statistikk
4. Aktivitet

"Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd."

(Plan for diakoni 2008)

1.OPPSUMMERING OG UTFORDRING.

"Ro deg ned – gå deg ein tur", sa mor mi når eg var som mest hissig i ungdomen. Det hendte det hjelpte og at eg kom roligere attende. Seinare har eg skjønna at det er noko med dette å ta beina fatt. Det gjev høve til ettertanke og ny start. Siste veka i august vart prosjektet "Den Gode Veg" gjennomført. Ei fem dagars pilegrimsvandring frå Grunge kyrkje til Røldal. Alle psykiatruleiarane i Vest- Telemark var involvera saman med Vi-To Kompetanse på Dalen, dessutan vart det gjeve tilbod til DPS i Seljord og skogsleiren i Fyresdal. Prostidiakonen fungerte som prosjektleiar. Frå Folkehelsa i Telemark fekk me ti tusen kroner til vandring. Alt i alt var 9 klientar med på turen over fjellet.

Fjellet er betre enn piller, tenkte eg midt på Haukeli. Godt å oppdage at eg kunne halde følge, og ikkje var til bry eller sinka andre. Eller som ein tilsett i psykiatrien utrykte det: Dette er vel den sterkaste oppleving av å vera på like fot eg har hatt i jobben (Frå evalueringa av Den Gode Veg).

Pilegrimsvandringar har vorte ein del av Vest-Telemark diakonien. Sist år var eg igjen vandringsleiar på den vanleg pilegrimsturen frå Seljord til Røldal. No er vel femten av seksti lokale vest-telemarkingar.

Mykje har handla om bokprosjektet "Med andre ord". Etter søknad fekk soknediakon Ivar Solbu i Sauherad og underteikna 100 000 kroner frå Opplysningsvesnets Fond til å lage ei erfaringsbasert inspirasjonsbok i diakoni. Styreleiar Oscar J. Garnes er prosjektleiar for arbeidet. Iko Forlag utgjev boka. Diakoniet har elles vore raust støtta til bokarbeidet med tid og pengar. Målet er at boka skal vera klar august 2009.

Sist år er det gjennomført over fire hundre og førti samtaler og besøk. Dette er ein nedgang på vel 25 % frå dei siste åra. Noko som fyrst og fremst skuldast bokpermisjonen i september og oktober. Grasrotarbeidet, den direkte kontakten, er det grunnleggande i diakonitenesta i Vest-Telemark og vil framleis bli prioritert. Før jul vart det nok ein gong delt ut oppmuntringspakkar til nokon som kunne trenge det. Årets verdiseminar i Vinje handla om punkt to i Diakoniplanen; Inkluderande fellesskap og var ei lekkje i jubileet for 20 år med flyktningar i Vinje kommune. Finanskrise og klimautfordringane vil krevje mykje av diakonien framover.

Sidan 1985 har Vest-Telemark hatt Prostidiakon. Prostidiakonen i Vest-Telemark er eit samarbeid mellom sokneråd og kyrkjelege fellesråd i Tokke, Vinje, Nissedal, Kviteseid og Fyresdal. Pengane til stillinga kjem dels frå dei samarbeidande partane, kyrkjedepartement og Agder og Telemark bispedømeråd. Diakoniet har eit valt styre. Styreleiar er Oscar.J. Garnes, Vinje. Tokke kyrkjelege Fellesråd fører rekneskapen. Dalen er kontorstad for prostidiakonen. Takk for mykje godt samarbeid med prestane, kyrkjekontora, sokneråd og diakoniutval. Takk til kyrkjeverja i Tokke som held orden på økonomien. Takk til styret for Diakoniet ved styreleiareren for inspirerande samarbeid.

2.ARBEIDSOMRÅDE

FORKYNNING OG UNDERVISNING OM DIAKONI.

Dette skjer gjennom gudstenester (14), møte med alle konfirmantane, kursverksemd, undervisning og skrivestykka i Vest Telemark Blad.

OPPRETTING OG OPPFYLGING AV DIAKONIORGANA I KYRKJELYDANE.

Det er diakoniuvalg i Kviteseid, Vrådal, Nissedal, Grunge og Fyresdal. Utvala har ansvar for blomehelsingar, helgemesse og diakonidagar. Diakoniutvala kallar jamleg inn diakonen til møter.

SAMARBEID MED SOKNERÅD OG KYRKJELEGE TILSETTE I PROSTIET.

Samarbeidet skjer på mange felt. T.d gjennom møte med sokneråd og diakoniuvalg. Elles deltek eg fast på preste- og diakonmøtet- og samlingar som prosten kallar inn til.

OPPLÆRING OG UTDANNING AV FRIVILJUGE MEDARBEIDARAR .

Så godt som råd vert det prøvd å følgje opp dei friviljuge. Om ikkje anna er målet at dei ein eller annan gong gjennom året, får ei rose. Diakonisaslinga er eit årleg samlingspunkt.

ARBEID MED Å STYRKE FELLESSKAP OG OG OPPRETTEOMSORGSGRUPPER.

I samarbeid med Vinje-psykiatrien har eg deltek eg i ei gruppe for dei som vil slutte å ruse seg. Det vert òg gjeve tilbod om Leva-Vidare grupper. Ei slik gruppe fins i Grunge.

ARBEID MELLOM DEI INNSETTE I SKOGSLEIREN I FYRESDAL

Det er månadlege visitorbesøk. Kvar gong er det mellom 10-15 innsette som drikk kaffe og et kake med oss.(Statistikken seier 98). Fire visitørar deler på denne tenesta. Elles vert tilbodet om meir individuelle samtaler godt utnytta.(13). Oppslutninga om kyrkjeskyssen varierar noko. Alt i alt er det 10 friviljuge medarbeidarar knytt til skogsleirarbeidet.

GJE HJELP TIL MENNESKE I AKUTTE, VANSKELEG LIVSSITUASJONAR.

Jamt over annan kvar veke kjem det nye kontaktar. Elles er det uttrykkingar i samband med arbeid i krisegruppene. Det vart delt ut tre oppmuntringspakkar til jol.

STOFF TIL KYRKJELYDSBLAD, AVISER OG RADIO.

Kyrkjelydsblada i prostiet får jamlege stoff. I år har tema vore Diakoniplanen. Etter kvart er kommunane sine heimesider ein fin plass å få ut ting. Diakonispalta i Vest Telemark Blad er ein fin måte å få ut diakonale drypp på. (45). Telemarksavisa har ei spalte kalla "Påfyll" med diakonistoff.(20) Radio og aviser har fått nokre pressemeldingar som dei har laga stoff av. I september hadde eg ei andaktsveke i NRK-radio. Heimesida www.prostidiakon.no vert jamleg oppdatert.

HA KONTAKT MED OFFENTLEG SOSIALTENESTE OG HUMANITÆRE ORGAN.

Prostidiakonen er med i dei kommunale krisetema i Nissedal, Vinje, Tokke og Kviteseid og Fyresdal. Kontakten med skular, sosialkontor, barnevern og arbeidsmarknadsbedriftene er god. Sist år har eg delteke to ansvarsgrupper.

MÅLA SOM VART VEDTEKE PÅ ÅRSMØTET FYRESDAL 6.04.08 FOR 2008-2010

1. Diakoni i Vest-Telemark

Kyrkjemøtet vedtok i 2007 ein overordna plan for diakoni i kyrkjelydane.

Dei fire overskriftene som planen er knytt opp mot er:

- o Nestekjærleik
- o Inkluderande fellesskap
- o Vern om skaparverket
- o Kamp for rettferd

Diakonen og styret for diakonatet i Vest-Telemark vil i toårsbolken som fylgjer, arbeide for at denne planen skal bli kjent i kyrkjelydane i Vest-Telemark og føre til lokale diakoniplanar og diakonale tiltak.

Målgruppe:

- * sokneråda - som har ansvar for diakonien i kyrkjelydane
- * dei tilsette på alle plan i kyrkja

2. Verdiar i Vest-Telemark

Diakonaten ser det som viktig i perioden å halde fokus på verdispørsmål, inkludert verdiane som styrer utviklinga i Vest-Telemark.

Diakonaten har gjort avtale med Vinje kommune / Kulturårshjulet om å arrangere verdiseminar kvart år dei komande tre åra.

Målgruppe:

- * fagseminar for tilsette - også for tilsette utanfor kyrkje
- * dels seminar opne for alle.

RESULTATVURDERING:

Dei fire områda i diakoniplanen: Nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd, er styrande for arbeidet. Preste- og diakonmøta har hatt diakoniplanen som studieemne. Kyrkjeverjer og sokneråd har fått informasjon om Planen. Sokneråd og diakoniutval er utfordra til å lage nye planar. Nestekjærleiken blir ikkje minst uttrykt gjennom samtaler og husbesøk. Inkluderande fellesskap var hovudtema på årets Verdiseminar. Diakonisamlinga i Fyresdal hadde henta kyrkjerådsleiar Nils Tore Andersen til snakke om den nye Diakoniplanen. Pilegrimsvandringane er eit godt døme på tiltak som tek for seg alle planområda i planen, og set fokus på dei enkle verdiane i livet.

VANDRINGSMEDITASJONAR FRÅ SELJORD TIL RØLDAL(2008)

Dag 1: Seljord- Morgedal NÅDE VERE MED DYKK

OG FRED FRÅ GUD VÅR FAR. Eg står ved Seljord kyrkja. Skrapar beina lett mot asfalten. Må legge bort tanken om at dette ikkje er noko halvmaratonløp, Ser vestover. Lyfter augo mine mot fjella. Kjenner kor sterkt eg treng nådeorda frå messa. Sveipar innom mangt og mykje. Endar opp i ein skuletime med tysk diktat. Det er elles ikkje mykje eg hugsar frå tysktimane. Vel somme an-auf – in – hinter- neben – uber - unter – vor – zwitshen. Men så ein setning, eit ordtak kjem for meg. Det er vel alle dei raude strekane som gjer at eg hugsar det: Wenn jemand eine Reise tut, då skal ein visst ha noko å fortelje etterpå. Om det om heftige regnbyer i Gislemoskaret, ei tilgjeving i nattverdalken i Vinje kyrkja eller ei vakker kveldsol på Haukelifjell, vil tida vise. Glad for å for å leve. For å ha bein å gå på, for å vera til. Vil nyte gleda av liv og fellesskap. Dansken Benny Andersen seier det slik; ” Spar ikke på angst og vennlighet!” Eller luver – slik Ingrid Sletten av Sillejord gjorde.

Hun gjemte huen i tredive år
Måtte ikke skjemme den ut
Så bærer jeg den så glad som brur
Når jeg for alteret står
Hun gjemte huen i firti år
Måtte ikke skjemme den bort
”Vesle min hue, for visst jeg tror,
Vi aldrig for alteret står

Hun ganger for kisten å tage den
Hjærtet var så stort derved
Hun leter fram til dens gamle sted
Da var det ikke tråd igjen



(Bjørnstjerne Bjørnson)

Dag 2: Morgedal- Øyfjell FRIDOM .Eg kjenner ein nye fridom kome når eg pustar og pesar i dei verste bakkane. Kvardagen stilnar rundt meg. Vert var for fuglesong og bekkesus. Mediterar på pilegrimaner sju nykelord: Fridom, stilla, fellesskap, det enkle, det langsame liv og det å ikkje bekymre seg. Og til slutt ordet som set fart på bein og tanke: tru. Me fylgjer stigane og vegane. Ein fot framom den andre. Den enklaste rørsle som fins om ein har gode bein. Så er ein ein del av ein lang vandringstradisjon. Dei fyrste kristne vart berre kalla ” dei som følger vegen.” I desse vandringsdagan er det føtene som ber bøner. Så renn eit retteleg Pauli ord meg i hug. Rett nok ikkje av dei saftigaste, men kan hende av dei viktigaste ” for i han er det vi lever og rører oss og er til.” Noko Janis Joplin syng ringlar i hovudet; “Freedom just another word for nothing left to lose.”

Å gjev meg ein plass
For mitt kne ved ditt altar
Og lat meg få ta mine vandrarско av
Å gjev meg ei hand
Når eg vinglar og haltar
Og lær meg å takke for
For hjelpa du gav
(Ingebjørg Kasin Sandsdalen)



Dag 3: Øyfjell- Vinje. I STILLA .Så er det plenty tid til og reflekter. Likt og ulikt. Det er rart med ungdomsminne. Etterkvart kjem dei lengre og lengre fram i pannebrasken. Ei jente eg var forelska i kring konfirmasjonsalderen syner seg i ein vasspytt. Minnet kjem frå den vinteren eg gjekk runde etter runde på skeisebanen, i håp om å få nærkontakt. Mange år etter var eg på klassejubileum. Ho kjem og spør meg rett ut og gamal vellagra røming trenger seg på ” ”Kvifor spurte du ikkje om eg var glad i deg!. Eg hadde vore klar med eingong!” På det hadde eg ikkje svar. Så er det ikkje fritt for at eg mange gonger har tenkt å stille Gud det same spørsmålet, men sjeldan våga: Er du glad i meg, Gud? Det er som om eg framleis går runder etter runde på skeisebanen.

Her legg eg mi bøn
den eg bar så aleine
Her legg eg mitt offer
På altaret ned
Å gjev meg den klednaden
kvite og reine
dei seier du kler
din utvalde med
(Ingebjørg Kasin Sandsdalen)



Dag 4: Åmot- Mjonøy. DET ENKLE. På veg opp kyrkjebakken i Vinje, ser eg for meg den gode gode vinbyggen Eivind. Eivind med eit eller anna syndrom. No er ligg han i bakkane ved kyrkja. Det var kyrkjejubileum. Høgtid og stas. Biskop, fylkesmann, politimeister og ordførar var på plass. Kong Harald og dronning Sonja kom gåande opp kyrkjebakken. Då hoppa Eivind fram. Vaktene med propp i øyra, var kloke og sleppte han fram. Dronninga var endå klokare og tok imot klemmen frå Eivind. Med eitt var alle skilje viska ut. Eitt møte mellom menneske. Ulike i stand og stilling. Men likt i det største og viktigaste; Dette å vera menneske. Kjenne seg att i andre og i fellesskap få bøye seg under noko som er mektigare og større. Anten ein er dronning eller Eivind.

Eg er vel den gjest
Som uverdiggast bøyer
Mitt kne utan skam
For ein tornekrønt drott
Eit lysande kors

Seg or jordskuggen tøyer
Og lykkeleg den
Som har lyskransen nådd
(Ingebjørg Kasin Sandsdalen)

Dag 5: Mjonøy-Edland.FELLESSKAP. Somtid på pilgrimsvandring er det stopp for å synge salmer, lese små bønner og høyre eit Gudsord. Elles er heile vandringa små openberringar av himmel og den gode Gud. I prat og samtaler, mat og nærleik. Somme gonger set Gud opp regnbogar på vil himmelen. Håpsteiknet han i si tid gav mennesket i Det Gamle Testamentet. Eit minne om at Gud aldri forlate menneskeborna. I Særengrend gjekk me innom plassen Mule. Her vandre Halldis Moren Vesaas jamleg gjennom tunet på sine turar opp frå Midtbøs bakkar. Eigaren av plassen såg at ho ofte sette seg på ein stein for å kvile, og meinte at diktaren måtte ha noko betre å site på. Så han fann fram plaststolar til å site betre. Takken kom som eit dikt.

I dag da vi nådde bakketoppen
Stod to kvite plaststolar der
Møblar av plast
Har eg elles lite til overs for
Men synet av to slike stolar her
Gjer meg mildt stemt.

Vi set oss. Blir sittande ei god stund
Reiser oss og går.
Nedi bakken snur vi oss
og ser tilbake på dei to stolane
som står der som dei
var sleppte ned frå himmelen

Det kjennest som det er
nettopp det dei er.
(Halldis Moren Vesaas)



Dag 6: Edland- Vågsli. LANGSAM. Så får ein berre undre seg over korleis ein har blitt som ein er. Pilegrimsvandringa gjev ein gode høve til å seie noko om seg sjølv. Ein går ved sida av kvarandre i mange dagar. Kan seie lite eller mykje til folk ein berre har kjent nokre dagar. Mange kjem ein truleg ikkje til å treffe att. Som var på ein på nattoget, prata intenst og ærleg, i halvmørkret, gjennom natta. Før ein forlet kvarandre med eit kort "farvel" på stasjonen. Spannande å møte så mange ulike menneske, Sjå og oppleve dei enkle gode handlingar; ei utstrekt hand ved bekken eller ei osteskive til ein som har glømt si. Ei langsam vandring gjev gjerne høve til meddele seg om smått eller stort. Som ein liten skriftestol. Eit norsk tidsvitne frå Sachsenhauen fortalte at mareritta forsvann, når han etter mange år byrja å fortelje historia si til skulelevar på fredsreiser. I ein guamatelansk landsby som vart heilt teke av jordras under orkanen "Stan" hadde folka sett opp ein plakat: "Me kjem ikkje vidare før me vågar å minnast våre døde." På godt og vondt kan ein seie.

Eit blått auge brast
I ein skoddeheim
Der ingen lenger sa eit ord
Eit beiskt sekund
Vrengde leppene seg
Fars gatefulle liv
Var slutt omsider
Aldri vil det bli klart

Kva han sakna
Og kva han ikkje sakna
Han er ikkje å nå
(Tarjei Vesaas)

Dag 7: Vågsli- Ulvåa. TRU. Mangt kan ein kjenne att undervegs. Vandring inn i fortid og barndom. Barnetrua vert vekt live. Somme snakkar om å finne tilbake til barnetrua. Men kan hende handlar meir om å finne fram til - enn attende. Eg likar godt nok forfattaren Levi Henriksen har sagt; - Trua mi er ikkje sterk nok, ” til å løfte andre opp, men ho er som ein vegg eg sjølv kan kravle meg opp mot når eg har falle. Då treng eg Guds nåde. Guds nåde er å få hjelp til å reise seg opp. Skal eg takle livet, treng eg å be, få folde hende. Så opplever eg at dei folda hendene vert til eit hus når eg frys.”

Dei må ikkje tru på deg fåfengt
Gjev deira voner held
Gjev dei må finne dei kjære som kvarv
I dødens djupe kveld
Gjev han han er til, den freden
Dei vonar å nå til slutt
Femnnast av den må alle dei
Som bad om det sårt og trutt
Ja, der må vera ei open dør
For alle som heim vil snu

Hjaret er fullt av bønn i kveld for
For alle menneskes tru!
(Halldis Moren Vesaas)



Dag 8: Ulvåa- Svandalsflona.Å DELE. Lediggang over fjellet er rota til noko godt. Dei lange seige dagane gjer noko med meg. Muskelfeste og ledd er smurt og olja. Hovudet og hjarta har rydda unna mykje. Tek til å tenke på alle dei gongane eg har skamma meg over å vera tiltrekt av Jesus. Svara unnvikande eller helst ikkje om eg trudde. Veit vel når eg slutt å tenke at det ikkje var flaut å tru på Gud. Kan tidefeste datoen som anna omvendning. Det hende då Bob Dylan kom plata You`v gotta serve somebody” i 1979. Bob Dylan sto fram og fortalte om sitt møte med Jesus. Skreiv ein song om at me må tene nokon. Når ein ser sitt liv i ein større samanheng, kan ein finne ro. Ein tidleg rockar frå Vest- Telemark set desse orda på det.

Tyteberet oppå tuva
Vox utav ei liten von
Skogen med si grønne Huva
Fostrar mang ein raudleitt Son
Eingang seint um Hausten lagde
Liten Svein til Ber-Skogs ut:
Raudt eg lyser, beret sagde.
Kom aat meg du Vesle-Gut
Her i frå du maa meg taka
Mogjet ber er utan Ro
Mal meg sund at du maa smaka
Svaladrykken af mit Blod
Moganar du, so vil du beda
Just den same Bøn som eg
Mogjen mann det mest maa gleda
Burt for folk at gjeva seg,
(Åsmund Olavsson Vinje)



Dag 9: Svandalsflona-Røldal. HERREN VELSIGNE DEG OG VARE DEG
 HERREN LATE SITT ANDLET LYSA OVER DEG OG VERA DEG NÅDIG
 HERREN LYFTE SITT ÅSYN PÅ DEG OG VERA DEG NÅDIG Livet rommar utfordringar.
 Somme går pilegrim for å finne krefter til å takle kvardagens mange. Andre berre for glede over livet
 eller vona om å finne noko; ei tru, eit menneske eller ei glede. Etter ei lang vandring det godt å koma
 til Røldalskyrkja. Bli varta opp og ønskt velkomen. Som å kome til himmelen, som ein pilegrim sa.
 Eller kome heim kan, ein tenke. Kjenne seg att og - bli attkjent. Bli møtt av eit venleg andlet.

Helsar på blomane
 Helsar på steinane
 Helsar på bakkane
 Helsar på gamle folk med eit stridt liv
 Prenta i andletet
 Dei seier; God du kom heim
 Vi har tenkt på deg
 Ein står forvirra og
 Høyrer dette
 Andlet framfor er som ein venleg hoggestabbe.
 Endeleg kjenner ein
 Ein er heime for godt.
 (Tarjei Vesaas)

I Røldalskyrkja har mange sett sin lit til det undergjerande krusifikset. Bede om frelse og helse. I koret
 heng Han som vart vår hoggestabbe, og som opna den store vegen gjennom død til liv.

3. STATISTIKK:HUSBESØK/SAMTALER VED PROSTIDIAKONEN I DEI ULIKE SOKNA

	2007	2006	2005	2004	2008
1. MØSSTROND	2	2	3	2	1
2. ØYFJELL	2	11	19	32	23
3. RAULAND	70	52	81	87	44
4. GRUNGE	38	27	39	16	22
5. VINJE /NESLAND	66	66	66	53	41
6. FYRESDAL	68	50	44	50	20
7. NISSEDAL	16	27	12	26	5
8. TREUNGEN	18	21	31	12	36
9. EIDSBORG/MO/ SKAFSA	109	130	152	189	121
10.HØYDALSMO/LÅRDAL	14	23	14	18	13
11. BRUNKEBERG	34	25	31	28	45
12. KILEN/FJÅGESUND	0	1	1	6	1
13. KVITSEID	68	48	59	75	25
14. VRÅDAL	30	14	4	18	23
15. SKOGSLEIREN	11	12	14	13	13
TIL SAMAN	547	510	570	625	434



4. AKTIVITET

NISSEDAL (41 samtaler)

delteke på eitt/ vore med på Vaksenførebuingskurs for 10.klassen på Fjone/eitt krisegruppemøte og
 div. planleggingsmøte for Verdsdagen for psykisk helse/leia markeringa av Verdsdagen for psykisk
 helse med besøk av Kronprinsparet./ein andakt på Kvileheimen/

FYRESDAL (20 samtaler)

Saman med sokneråd og prest og styret for Diakoniet ansvarleg for Diakonisamlinga for Vest-Telemark (100)/Tokonfirmanttimar/ to fredagssamlingar på POS/ eitt soknerådsmøte og eitt diakoniatvalsmøte/ eitt pensjonistlagsmøte/11 besøk i skogsleiren/ ansvar for joleavslutning i skogsleiren/ eitt soknebod/

KVITeseID (94 samtaler)

Andakt på joletreffest for Kviteseid skule, eitt Normisjonsmøte på Misjonshuset og eitt sundagsmøte på Kvitsund/ andakt på to formiddagstreff på Misjonshuset og for Kvinneforeninga i Vrådal/ andakt på Bibelmisjonen i Brunkeberg/ undervist for 8.kl på Kviteseid skule om å "Finna seg sjølv" saman med psykiatararbeidar for ungdom/delteke på konfirmantundervisning /ei gravferd / eitt soknebod/to krisegruppemøte/medansvarleg for Diakonien Dag i Kviteseid og Vrådal / kåsert på Bygdetunet/eit felles soknerådsmøte for Kviteseid om Diakoniplanen.

RAULAND (68 samtaler)

To konfirmanttimar/ preika på Møsstrand palmesundag/halde festtale på konfirmantfest/to soknebod/delteke på felles soknerådsmøte om Diakoniplanen

TOKKE (123 samtaler)

Preika på Diakonien dag på Kommunehuset/ansvarleg for organisering av Fasteaksjonen i Tokke og Solidaritetskonsert / gjeve vegleiing til sjukeheimsdiakonien (5 timar)/medansvarleg for Ungdomsklubben på Dalen saman med team frå Kvitsund./ eitt fellesrådsmøte/delteke på stabsmøtene på kyrkjekontoret/ Vore med i arbeidsgruppe for å etablere MIA på Soknehuset/ tent jolegrana på Dalen/ saman med næringsjefen leia to Ny-i-Tokke- kveldar./Konfirmantleir Trovassli/leia to debrifingar etter ulukker

VINJE 104 samtaler

vore med på Diakonien dag i Åmot og i Grunge/ undervist konfirmantar i Vinje og Grunge/andakt på Ljosmesse Åmot skule/leia ei Leva Vidare-gruppe for vaksne samarbeid med helsesystem/delteke på to Fasteaksjonsmesser med konfirmantane /delteke på fire ansvarsgruppemøter/ medansvarleg for Verdiseminar og medlem av nemnda for Flyktningejubileet/ halde preike på Snøformingsfestivalen/delteke på Pilegrimsmesse i Vinje kyrkje/ eitt soknebod/deltek i gruppe med folk som vil leve rusfritt./ leia ei debrifing i krisegrupesamanheng

TAL OG ARRANGEMENT FELLES FOR PROSTIET

Tre styremøte i diakoniet pluss årsmøtet /medansvarleg for to konfirmant-treff for Tokke, Fyresdal , Vinje og Rauland /delteke på seks preste -og diakonmøte / delteke på Vest-Telemark konferansen i Vrådal/distriktskontakt for Kirkens Nødhjelp/delteke på stand for Kirkens Nødhjelp på Dyrskuen i Seljord/laga Fasteaksjonstoff i Vest-Telemark Blad /ansvarleg for spalta «Diakoni i Vest-Telemark »i Vest Telemark Blad/kyrkjeleg representant i pilegrimsnemnda for Vest-Telemark/prosjektansvarleg for pilegrimsvandringa Grunge- Røldal/ delteke på fagdagar for Vest-Telemark prosti/ delteke på Yrkesmesse på Vest-Telemark Vidaregåande Skule / Vest-Telemark treff, Smuget , Oslo

UTANOM PROSTIET

Medlem av sentralstyret i Det Norske Diakonforbund 2007-2011 /Delteke på to fagdagar med diakonane i bispedømet /Mentor for trusopplæringsprosjekta i Bø i Telemark og Hallingdal prosti (2004-2009)/vore med på samling for mentorar i Oslo / delteke kursdag " Diakonien Dag" på Diakonhjemmet/ undervist om Vest-Telemark modellen i diakoni på Diakonhjemmet/arbeid med bokprosjektet Med Andre Ord saman med Ivar Solbu./ fortalt om Pilegrimsvandringar på Folkehelsekongressen i Langesund/

